







## Vekeplan for 4AB veke 49

		MÅNDAG 5/12	TYSDAG 6/12	ONSDAG 7/12	TORSDAG 8/12	FREDAG 9/12	
1	08.50 09.35	Adventssamling / julekalender	Julekalender	Skulen les / julekalender 	Jul, tru og tradisjon på museet.	Juleverkstad 1. – 4. klasse	
2	09.35 10.20	Generalprøve til julekonserten i Saften. Me går tilbake til skulen ca. 12.30 og avsluttar dagen der.	K&H	Norsk			
3	10.35 11.30		Symjing på Vesterland 	Matte			
4	12.00 12.45			Engelsk			
5	12.45 13.30						
6	13.45 14.30	Julekalender	GOD HELG! 				
<b>Hugs:</b> Klede til å ha kroppsøving ute på måndag og torsdag!		<b>LEKSER TIL TYSDAG</b> Sei noko fint til nokon du ikkje snakkar med so ofte.		<b>LEKSER TIL ONSDAG:</b> Spel eit brettspel eller kortspel saman med nokon i familien.		<b>LEKSER TIL TORSDAG:</b> Rydd på rommet ditt. 😊	
<b>English words:</b> Candle=stearinlys, stocking = strømpe, present = presang, Santa Claus = julenissen, Christmas decoration = julepynt, wreath = krans, holly = misteltein, Christmas tree = juletre, ribbon = gåveband, bow = sløyfe, gingerbread man = pepperkake							
<b>Norske øveord:</b> køyra, kjærast, kino, kjelke, kylling, kiosk, kjøpa, kjeks, kjempe, kyssa, kjellar, kinn				<b>Vekelekse:</b>			



### Tema og mål i faga

Norsk	Rettskriving
Matematikk	Geometri og problemløysing
Engelsk	Music and lyrics. Christmas
Kroppsøving	Symjing
Samfunnsfag	Tema jul – høgtid og tradisjonar og teknologi
Naturfag	
KRLE	
Kunst og handverk	
Musikk	Julekonsert

### Meldingar til heimen



**Måndag:** Elevane møter på skulen til vanleg tid. I andre timen går dei ned til Saften der det vert generalprøve på julekonserten. Elevane går opp att til skulen og avsluttar skuledagen der.

**Tysdag:** Det blir siste gong med symjing før jul i dag.

**Julekonsert:** Julekonserten vert måndag 5. desember klokka 18.00. Der er alle hjarteleg velkomne. Klede: Elevane møter i kvit overdel og svart underdel klokka 17.45.

**Torsdag:** Me reiser på museumsbesøk. Me skal få vera med på opplegget «Jul, tru og tradisjon». Det er kaldt i dei gamle husa me skal vera i, so det er viktig at alle kler seg godt. Bussen går frå skulen kl. 09.00 og tilbake frå museet kl. 12.30.

**Fredag:** I dag vert det juleverkstad. Elevane har sjølve fått vera med å bestemma kva dei vil laga.

### HÅ EI FIN ADVENTSTID!



**Ta kontakt viss det er noko!**

Kenneth og Solveig